

SOGN OG FJORDANE TEATER



# FUGLETRIBUNALET

AV AGNES RAVATN

SoFt

Sogn og Fjordane Teater

# FUGLETRIBUNALET

I Fugletribunalet møter vi Allis Hagtorn som er historikar og tv-kjendis. Hendingar i livet hennar har gjort henne sky og sjølvstraffande. Ho er på flukt frå sitt eige liv. I ein avsides vestlandsfjord finn ho eit nytt tilvære med den mystiske Sigurd Bagge. Akkurat som ho ber Bagge også på ei hending han sonar. Som Bagge si hushjelp deler ho hans heim og eit taust fellesskap. Etter kvart som tida går, vert to ting meir og meir påtrengande. Det eine er at Bagge skjuler ein stor løyndom. Det andre er at dragninga mot han set djupare og djupare spor i henne. Fugletribunalet er ei thrillerprega og lada forteljing om skuld og soning.

I Agnes Ravatn sine tekstar går ho tett inn på dei menneskelege vegskilja, og korleis samspel med andre også er sterkt betinga av eige sjølvbilete og livssituasjon. Ho evnar å etablere eit blick som både går ut i samfunn og relasjonar, men samstundes er sterkt forankra i hovudpersonen sin sjølvrefleksjon. Her treffer ho noko grunnleggande menneskeleg – og kanskje er det noko av forklaringa på Ravatn sin store popularitet. Mange kan kjenne seg igjen i karakterane hennar.

Regissør Trond Lie har arbeidd ved dei fleste teater i Norge med framsyningar i alle sjangrar, spesielt komediar og musikalar. Lie sin bearbeidde versjon av Fugletribunalet er ein psykologisk-erotisk thriller. I dette vestlandsdramaet fokuserer han på relasjonen mellom hovudpersonane Allis og Bagge, spelte av dei dyktige skodespelarane Anne E. Kokkinn og Kyrre Eikås Ottersen.

Velkommen til Fugletribunalet!

## SPELEPLAN

**FØRDE, TEATERSALEN** *Première*

1. september kl 19:00

**FØRDE, TEATERSALEN**

2. september kl 18:00

**NORDFJORDEID, OPERAHUSET**

7. september kl 19:00

**FLORA SAMFUNNSHUS**

11. september kl 19:00

**HØYANGER SAMFUNNSHUS**

12. september kl 19:00

**BALESTRAND, BELEHALLI**

14. september kl 19:00

**DALE, FJALERHALLEN**

17. september kl 15:00

**SOGNDAL KULTURHUS**

19. september kl 19:00

**ÅRDAL KULTURHUS**

21. september kl 19:00

**SANDANE, TRIVSELSHAGEN**

26. september kl 19:00

TEATERFESTIVALEN  
**FJALER**

DEN KULTURELLE  
SKULESEKKEN

*Turné i samarbeid med  
Den kulturelle skule-  
sekken på vidaregåande  
skular i Sogn og Fjordane;  
Førde, Nordfjordeid, Florø,  
Høyanger Balestrand,  
Dale, Sogndal, Årdal,  
Måløy, Sandane, Stryn*

**BILLETTAR**

[softeater.no/billetter](http://softeater.no/billetter)



AV  
**AGNES RAVATN**

DRAMATISERING  
**INGRID WEME NILSEN**

BEARBEIDING/REGI  
**TROND LIE**

SCENOGRAFI/KOSTYME  
**KARI GRAVKLEV**


MEDVERKANDE  
**ANNE E. KOKKINN**  
**KYRRE EIKÅS OTTERSEN**  
**ANNE GURI TVEDT**  
**ATLE HOFF**  
**STEPHANIE MOWINCKEL**

LYSDESIGN  
**KRYSTIAN MYSKA**

TEATERFORLAGET SONGBIRD AS




Anne E. Kokkinn



Kyrre Eikås Ottersen




Anne Guri Tvedt



Atle Hoff



Stephanie Mowinckel



Trond Lie,  
*Regissør*

# TEATERÅRET 2017

## INVASJON!

### INVASJON!

Kven og kva er Abulkasem? Det er spørsmålet som vert stilt i denne framsyninga, skriven av den kritikarroste svenske forfattaren Jonas Hassen Khemiri. Alvorlege tema som framandfrykt og fryktr retorikk vert her iscenesett på ein leiken og morosam måte. Ei hardtslåande og aktuell oppsetjing du ikkje bør gå glipp av!  
Première 14. oktober.

### EVENTYRROMMET

Kom alle saman, bli med til eventyrland! Mange undersøkingar peikar på at eventyret har viktige funksjonar i barnet si utvikling og læring. Ordforrådet skil seg frå daglegtalen, og ein møter nye ord i spanande samanhengar. Dei faste strukturane i eventyret vil barnet kjenne igjen, og dei lærer seg å ta i bruk dette i sine eigne forteljingar. Eventyret er også ei øving i å følgje ein tekst av ei viss lengde og skape bilde og mening ut frå språket. I det magiske Eventyrrommet kjem fleire av våre mest kjende og kjære eventyr til liv gjennom teateret sine dyktige skodespelarar.

Følg med på våre Facebook- og nettsider for informasjon om komande eventyrstunder!


### BORNAS VERDSDAGAR FØRDE

Laurdag 25. november arrangerer Førdefestivalen familiefestivalen Bornas Verdsdagar Førde. Under mottoet "oppleving gjennom deltaking" vert Førdehuset fylt med miniverkstadar og aktivitetar for born i alle aldrar. Her får born synge, danse og spele ulike instrument under leiing av profesjonelle instruktørar. Verkstadar og aktivitetar er gratis, og alt skjer i samarbeid med Førde kommune og skular og barnehagar i Førde. Sogn og Fjordane Teater opnar opp Eventyrrommet og Teatersalen denne dagen og inviterer til eventyrstund og aktivitetar på scena.



FØRDE

FØLG OSS PÅ:



Sjå [softteater.no](http://softteater.no) for informasjon om dato og billetter

